



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7582 - 22/40924

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 137/806 Alver

Tiltak: Lagerbygning
Byggjestad: Gbnr: 137/806
Tiltakshavar: Helland Gruppen Næringsbygg AS
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 11.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Sluttrapport avfallsplan. Tiltaket har krav til avfallsplan og sluttrapport skal liggja føre før kommunen kan gje ferdigattest, jf. SAK10 § 8.1.
2. Oppdatert gjennomføringsplan som viser at alt arbeidet innanfor det enkelte ansvarsområdet er avslutta. Vi viser her til Llentab AS sitt ansvar innanfor arbeidsområdet PRO stålkonstruksjon og UTF montering av lagerbygg som ikkje er stadfesta avslutta på gjennomføringsplanen.
3. Det går fram av Hole VVS AS si erklæring om ansvar at ansvarsområdet berre omfattar PRO/UTF utvendig sanitærinstallasjon. Av godkjend rørleggarmelding ser vi at vass- og avløpsleidingar er ført inn til kvar seksjon i bygget, men at sjølve tilkoplinga i kum vil verta utført etter ønskje frå den enkelte seksjonseigar. Vi legg til grunn at arbeidet knytt til framføring av vatn og avløp til den enkelte seksjon er omfatta av Hole VVS AS si erklæring om ansvar, og ber om at dette vert stadfesta.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.06.022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Gruppen Næringsbygg AS

Idrettsvegen 3

5936 MANGER

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSEN